



Gol kommune

Arkivsak-dok. 18/02786-33
Saksbehandler Hanne Cecilie Nes

Saksgang
Utval for natur og næring
Kommunestyret

2. GANGS BEHANDLING OG SLUTTBEHANDLING - RENOVASJONSPLASS GOLSFJELLET AUST - GNR. 11, BNR. 1

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

- Plankart, datert 25.01.2019
- Reguleringsføresegner, datert 02.01.2019
- Planomtale, datert 02.01.2019
- Planskisse, datert 15.02.2019

Ta kontakt med Utbyggingsavdelinga eller sekretariatet dersom det er behov for innsyn i fleire dokument eller om noko er uklårt.

Dokument i saka:

1. Saksframlegg 1. gangs behandling, datert 03.01.2019
2. Vedtak i UNN, datert 15.01.2019
3. Plankart, datert 25.01.2019
4. Reguleringsføresegner, 02.01.2019
5. Planomtale, 02.01.2019
6. Planskisse, 15.02.2019
7. NVE sin uttale til offentleg ettersyn, datert 05.02.2010
8. Statens vegvesen sin uttale til offentleg ettersyn, datert 19.02.2019
9. Fylkesmannen i Oslo og Viken sin uttale, datert 22.02.2019
10. Buskerud Fylkeskommune sin uttale til offentleg ettersyn, datert 04.03.2019
11. Internt notat om avlyst møte, datert 25.02.2019

Saksopplysningar:

Gol kommune har utarbeidd forslag til Områdereguleringsplan for Golsfjellet aust. Hensikta med planen er å betre kunne handtere dagens og framtidens avfallssituasjon for Golsfjellet aust, då det dei siste åra har vore for dårleg kapasitet på avfallscontainerane. Planområdet

ligg rett sør for krysset mellom Golsfjellvegen og Einarsetvegen, på eigedom gnr. 11, bnr. 1. Planforslaget vart 1. gongs behandla i Utval for Natur og næring (UNN) i møte 15.01.2019, som sak 3/19. Utval for Natur og næring fatta slikt vedtak:

Utval for natur og næring har behandla saka i møte 15.01.2019 sak 3/19

Vedtak

Utval for natur og næring vil med heimel i §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova legge Områderegulering for Renovasjonsplass Golsfjellet aust, planID 2018003 ut på offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

I

Det skal vere samsvar mellom «Areal erverv» frå planskisse og reguleringsføre mål «Renovasjonsanlegg» frå plankart.

II

Det skal i plankartet endrast overskrift frå «Detaljreguleringsplan» til «Områdereguleringsplan».

III

Det delegerast til rådmannen å foreta redigeringsmessige endringar i kart og førese gner før offentleg ettersyn.

Planforslaget låg ute til offentleg ettersyn i perioden 26.01. – 10.03.2019. Følgjande merknader og innspel er registrerte inn:

Merknader/fråsegn:	Kommentarar:
<p><i>NVE:</i></p> <p>Viser til at det skal vere vegetasjonsskjerm mellom Golsfjellvegen og renovasjonsanlegget, og at det må sikrast gode siktlinjer grunna potensiale for bilulukker. Meiner kommunen bør vurdere om ein skal regulere inn i plankartet vegetasjonsskjerm og siktlinjer.</p>	<p>Siktlinjer skal leggest inn i plankartet. Vegetasjonsskjermen blir ikkje lagt inn i plankartet i tilfelle vegetasjonen kjem i konflikt med siktlinjene.</p>
<p><i>Statens vegvesen:</i></p> <p>Tilrår å regulere tilfredsstillande frisiktsoner i avkøyringane til den private vegen.</p>	<p>Frisiktsoner skal leggest inn.</p>
<p><i>Fylkesmannen i Oslo og Viken:</i></p> <p>Ingen merknader.</p>	<p>Ok.</p>
<p><i>Buskerud Fylkeskommune:</i></p> <p>Det kan vere hensiktsmessig med rekkefølgjekrav for å sikre opparbeiding av sti som flyttast, samt eventuell avmerking av stien i plankartet. Har ingen planfaglege merknader.</p>	<p>Ok.</p>

Minner likevel om at det kan dukke opp freda kulturminne i gravearbeidet.	
---	--

Forhold til overordna plan:

Reguleringsplan for Rekkjeset, tredd i kraft 01.04.1987, planID 1987002. Området er regulert til jordbruk, skogbruk. Søraust for planavgrensinga er det regulert to hytter. Begge desse er oppført. Kommuneplanens arealdel for Gol kommune 2011 – 2023, sist revidert i sak K 75/12 den 13.11.2012. Området er avsett til LNFR-område i både reguleringsplan og kommuneplan, og det blir difor utarbeidd ny reguleringsplan for området.

Miljøkonsekvensar:

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynd, jf. utgreiing av miljøkonsekvensar i 1. gongs behandling.

Ein ny renovasjonsplass med tilstrekkeleg kapasitet til å takle hytteutbygginga på Golsfjellet vil vere positivt for miljøet. Det skal etablerast eitt returpunkt med nedgravne molok avfallsbrønner i staden for dagens ordning med fleire mindre returpunkt med containerar. Jf. Forskrift om avfallsbehandling, Gol kommune § 1 vil alle punkta i paragrafen bli betra med ein ny renovasjonsplass.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Det er utarbeidd risiko- og sårbarhetsanalyse for området jf. planomtala pkt. 8.4 og 1. gongs behandling. Det skal etablerast frisktsoner i samsvar med vegnormalane.

Økonomiske konsekvensar:

Det er avsett 1,5 millionar i budsjett til renovasjonsplass på Golsfjellet med prosjektnummer 136. Administrasjonen utarbeider reguleringsplanen i eigen regi. Utbyggingsavdelinga får dekt sine utgifter til arbeid med reguleringsplanen gjennom gebyr. Det er innhenta ekstern kompetanse til prosjektering og utarbeiding av planskisse.

Kommunen må skaffe seg rett til å ta grunnen i bruk. Dette kan skje gjennom leige eller kjøp. Dersom kommunen ikkje kjem til einighet med grunneigar er ekspropriering ein moglegheit. Ekspropriering kan gjennomførast etter plan- og bygningslova § 16-2. Kommunen må då ta kostnadene som grunneigar har i samband med ekspropriasjonen. Dersom ekspropriering er einaste moglegheit kan ikkje Gol kommune leige grunnen, den må då kjøpast. Det vil vere mogleg å søke Fylkesmannen om å ta grunnen i bruk før skjønn er halde.

Vurdering:

Den nye renovasjonsplassen krev eit areal på om lag 2 dekar. Planområdet ligg innanfor LNFR-føremål, i uproduktiv blandingskog. Jordbruket blir ikkje negativt påverka av reguleringsplanen. Naturmangfald, dyreliv eller friluftsliv blir heller ikkje negativt påverka av reguleringsplanen. Det er ikkje utarbeidd konsekvensutgreiing då det ikkje er forventa at planen fører til vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Det er i planen regulert meir areal enn dagens behov for å unngå å måtte regulere meir areal i framtida ved kapasitetutviding. Planskissa er rettleiande for utforming av renovasjonsplassen og gjeld for dagens behov.

Det har ikkje kome inn negative merknader til planforslaget under offentlig ettersyn, men det skal leggjast inn frisiktsoner etter tilråding frå vegvesenet.

Rådmannen meiner planen er godt gjennomarbeidd og kan sluttbehandlast i kommunestyret.

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret vedtek områderegulering Renovasjonsplass Golsfjellet aust, planID 2018003 med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-12 på følgjande vilkår:

I

Endringar i kart og føresegner:

- Det skal etablerast frisiktsoner på 6 x 60 meter. Dette skal inn i plankartet og føresegnene. Planomtala må dermed også oppdaterast.

II

Det delegerast til rådmannen å foreta redigeringsmessige endringar i kart og føresegner før endeleg kunngjering.

26.03.2019

Hanne Cecilie Nes
Avdelingsleiar

Svein Eide
Kommunalsjef